



TV Sydvest held til i den tidlegare Samyrkelagsbygningen

TV Sydvest, som er etablert i den tidlegare Samyrkelagsbygningen i Uskedalen, har søkt om eit tilskot på 30.000 kroner frå næringsfondet.

Ansvarleg redaktør og dagleg leiar Ronny Lakselv lovar at selskapet vil verta eit spanande tilbod som 95 prosent av dei som bur i Kvinnherad vil kunne knytta seg til. Eit tilskot som det han søker om vil styrkja tilbodet slik at TV Sydvest sikrar mogelegheitene for direktesendingar til dømes frå kommunestyremøter, gudstenester og festivalar, opplyser Lakselv.

Kristen Mediaressurs, som står bak TV Sydvest, er ei ideell stifting. Selskapet driv på friviljug basis, men ønskjer å etablere lønna stillingar. Etterkvart er det ønskjeleg med minst to heiltidsstillingar.

- Vi vil alltid ha eit stort fokus på frivillig arbeid og samarbeider med lag og organisasjonar for å sikra mannskap til ymse prosjekt, held Lakselv fram.

Otto Benjaminson er styreleiar og i styret ellers sit Leif K. Kongestøl, Thor Ivar Hellesøy og Ronny Lakselv. Stiftinga har investert i produksjonsutstyr og er i ferd med å få på plass driftsutstyr for sending av lokalfjernsyn til Kvinnherad Breiband sine TV-kundar.

Selskapet ønskjer eit breiast mogeleg samarbeid med andre media-aktører lokalt, regionalt og nasjonalt. Lakselv nemner her til dømes Elmedia som deler kontor med TV Sydvest.

Lakselv ser på selskapet som ein stadig større arena for synleggjering av politisk arbeid, kulturelle hendingar og spanande aktualitetsprogram.

Ved etableringen var målsettinga at TV Sydvest skulle vera eit reint produksjonsselskap som skulle levera livssynsprogrammer til eit lokalfjernsyn der Innsida TV var kringkastar. Dette lot seg ikkje gjennomføra og selskapet måtte endre målsetting og strategi.

Med omsyn til inntektsmogelegheitene tek TV Sydvest sikte på tre sal i veka fordelt med eit sal av reklamefilm og to reklameplakatlar på skjerm. Det er også eit marked for gaver og det er denne posten som i hovudsak har sikra selskapet den handlekraft det førebels har.

Så langt er det kjøpt inn redigerings- og produksjonsutstyr for 270.000 kroner medan live-utstyret er berekna til å ville koste 170.000. 140.000 av denne summen vil vera privat lån.

Eit driftbudsjett syner inntekter på vel ein million, hvorav vel halvparten skal komma frå reklame og knapt 100.000 frå gåver. Kostnadssida sluttar på 952.000 og det gjev eit driftsresultat på 60.000.

Med det digitale bakkenettet vil nedslagsfeltet bli større. Ein regional utviding av sjåargrunnlaget er mogeleg dersom Kvinnherad Breiband inngår samarbeid med andre breibandsaktørar for leveranse av TV-løysing, skriv Ronny Lakselv.

Av Ola Matti Mathisen